

KAMBO ENERGI AS
Kambsvegen 60
5590 ETNE

Vår dato: 07.07.2023

Vår ref.: 200805520-36 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE sitt vedtak - Hetleflåt kraftverk - utsett byggjefrist

Vi viser til søknad frå Kambo Energi AS, datert 20.01.2022, om utsett byggjefrist for Hetleflåt kraftverk i Etne kommune.

Bakgrunn

NVE gav konsesjon til Hetleflåt kraftverk i vedtak den 18.12.2014. Konsesjonsvedtaket blei påklaga til Olje- og energidepartementet (OED), som oppretthalda NVE sitt vedtak i brev av 07.04.2017. Konsesjonen er overdratt frå Hetleflåt Energi AS til Kambo Energi AS.

Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang med å byggje innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Kambo Energi AS:

«Hetleflåt kraftverk fekk konsesjon av NVE den 18.12.2014, men den vart påklage og behandla av OED. OED oppretthaldt konsesjonen i april 2017. NVE sak nr 200805520. Det er derfor no i april 5 år sidan endeleg konsesjonen vart gitt.

Det har ikkje vore mogeleg å byggja Hetleflåt Kraftverk grunna manglande netttilkopling. No vert det imidlertid bygd eit nytt nett i Åkrafjorden som skal vera ferdig i 2023. KAMBO Energi AS har avtale med grunneigarane og konsesjonshavar for Hetleflåt Energi, Arne Hetleflåt og Egil Næsheim om å leige fallrettane og byggje kraftverket.

KAMBO Energi søker difor NVE om å forlenge konsesjonen med nye 5 år.»

Søknad om forlengja byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.



Høyring

Søknad om forlengja byggjefrist har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. NVE har mottatt følgjande merknader til søknaden om forlengja byggjefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Tiltaka skal auke produksjonen av fornybar energi og sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsnytte. Det er store tiltak som samla vil gi monalege naturinngrep. Mykje av dette er allereie avklara i gjeldande konsesjonar.

(...)

Tysse transformatorstasjon vil bli samlokalisert med Tøsse kraftstasjon i eit eige bygg, medan koplingsanlegga/generatorane til dei andre kraftverka vil bli lokalisert inne i kraftstasjonsbygga. Dette ser ut til å vere gode løysingar, som bidreg til å avgrense inngrepa. Det er registrert ask, som er sterkt truga (raudlista, kategori EN) ved Hetleflåt kraftstasjon, men det ser ikkje ut til at linja/jordkabelen vil få konsekvensar for arten. Vi vil likevel understreke at eventuelle større eksemplar har stor verdi og bør, om mogleg, ivaretakast.

Vi har ikkje avgjerande merknader til den nye naturmiljøkartleggingane eller til søknadene om utsett byggjefrist for Tøsse kraftverk, Eikemo kraftverk eller Hetleflåt kraftverk.»

Vestland fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Kulturminne

(...) Angående søknad om utsett byggjefrist for kraftverka Eikemo, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt, så vedkjem det ingen kulturminneinteresser.

(...)

Vassmiljø

Etter vår vurdering bør elvevassmassar vurderast ut i frå ein naturtilstand for Eikemo kraftverk og Tøsse kraftverk, og ikkje frå ein allereie utbygd situasjon. Begge kraftverka ligg i vassførekomst 042-310-R Eikemoelva nedstøms inntak Blåfalli III H. Etter vassforskrifta er godt økologisk potensiale nådd i dag, men det ligg ikkje målingar i databasen Vann-nett og presisjonen for miljøtilstanden er låg.

Hetleflot kraftverk ligg i vassførekomst 042-231-R Åkrafjorden bekkefelt sør, som har god økologisk tilstand. Denne vassførekomsten dekker mange vassdrag på sørsida av Åkrafjorden, og tilstanden er berre basert på ein vassprøve.

Vi minner om at i konsekvensutgreingar skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand (Miljødirektoratet 2023). Ei eventuell vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 avhenger av at det føreligg kunnskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12



Friluftsliv

Når det gjeld småkraftverka ligg ikkje desse innanføre kartlagde friluftsområde, med unntak av Djuvselva, som ligg i eit registrert friluftsområde (Åkrafjorden Nordsida). Åkrafjorden er kartlagt som eit registrert friluftsområde, men det er lite truleg at kraftverka vil påverke friluftslivsinteressene i fjorden i særleg grad.

På bakgrunn av føreliggande informasjon om m.a. kartlagde friluftsområde er det ikkje grunnlag for å sei at oppgradering av leidning til 132 kV eller utbygging av dei 5 småkraftverka vil få vesentlege konsekvensar for regionale friluftslivsinteresser»

Statnett uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Statnett er også positiv økt kraftproduksjon og dermed til å utsette byggefristen for de fem omtalte kraftverkene slik at de kan bygges ut og tilknyttes planlagt nett.»

NVE si vurdering

Ny kartlegging av biologisk mangfald

Den opphavslege kartlegginga av biologisk mangfald er frå 2007. Etter NVE si vurdering var ikkje den opphavslege kartlegginga tilstrekkeleg for å kunne vurdere søknaden om utsett byggjefrist. Dette er fordi søknaden følgjer ein metodikk frå før 2009, som sidan har vore oppdatert fleire gonger. NVE bad derfor tiltakshavar om å gjennomføra ei ny kartlegging av biologisk mangfald i brev av 21.04.2022. NVE mottek den nye kartlegginga i brev av 08.02.2023. Kartlegginga ble gjennomført den 20.10.2022, og rapporten er skrevet av Ecofact.

På grunnlag av tidlegare og ny kartlegging av biologisk mangfald meiner NVE at det er innhenta tilstrekkeleg informasjon for å kunne vurdere omfanget og verknader av tiltaket for kartlagde naturtypar, og sjeldne og trua artar. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok greidd ut, jf. naturmangfaldlova § 8. Kartlegginga i 2022 førte til funn av nye artar og naturtypar. I det følgjande presenterer vi relevante funn, påverknaden av tiltaket på artene og naturtypane, og ev. mildnande tiltak.

Artar

Ecofact har påvist ask (EN), lind (NT), alm (EN) og gubbeskjegg (NT) i influensområdet. Under kartlegginga i 2007 vart det funne alm, ask og hårhutremose (NT), men dei to sistnemnde var ikkje på raudlista på det tidspunktet. Hårhutremose vart ikkje registrert med posisjon, men det vart beskrive at funnet var ved sterkt straumande vatn. Ein antek at arten framleis kan vera ved Markhuselva. Det har og tidlegare vore observert dei raudlista fugleartane makrellterne (EN), tjeld (NT) og fiskemåke (VU) ved kysten, nær planlagd kraftstasjon.

Funna av lind (NT) og alm (EN) var eit godt stykke unna planlagd røyrgatetrasé og tilkomstvegar, og Ecofact vurderer at tiltaket ikkje vil påverke desse artene. NVE er samde i denne vurderinga. Fleire individ av ask (EN) vart funnen nær planlagd røyrgatetrasé og tilkomstvegane. Ecofact har foreslått å redusera arealbruk knytt til etablering av røyrgate og veg, og å unngå hogst som mildnande tiltak. Dei vurderer at sjølv med desse mildnande



tiltaka kan gravinga påverka røtene til dei næraste individa, og har derfor vurdert at arten vil bli noko forringa av utbygginga.

Arten gubbeskjegg (NT) vart funnen i furuskogen i området øvre del nær planlagd røyrgatetrasé. Arten veks på gamle bartre. Individu som vart funne vil ikkje bli direkte påverka av inngrepet, men artens funksjonsområde vil bli påverka gjennom skade på eller felling av gamle furutre ved etablering av røyrgate. NVE legg til grunn at funksjonsområdet til arten i minst mogleg grad blir berørt i byggjefasen og at arealbruken knytt til traséen blir minimert.


Hårhutremose (NT) blei kartlagd i forbindelse med konsesjonshandsaminga i 2014, og kom inn på raudlista i 2021. Det blei stilt krav om høgare minstevassføring på sommaren for å avbøte for negativ påverknad på den rike lav- og mosefloraen som vart observert nær elva. NVE meiner forholdet til hårhutremose allereie er ivareteke.

For dei observerte raudlista fugleartane vurderer Ecofact det som lite sannsynleg at tiltaksområdet utgjer ein viktig hekkelokalitet, ettersom det allereie er busetnad i nærleiken av planlagd kraftstasjon. NVE er samde i Ecofact si vurdering knytt til desse artane, og legg til grunn at artane ikkje blir påverka i vesentleg grad.

Ifølgje Ecofact kan det ikkje utelukkast at det er fleire raudlista artar innanfor influensområdet. Området har ein del variasjon i livsmiljøer med rike element, og det er særleg potensial for funn knytt til kalkrike bergvegger langs elva og store daudvedelementa. Kartlegginga blei også utført seint på året, men Ecofact meiner at ettersom det har blitt gjennomført to kartleggingar i området er potensialet for ytterlegare funn avgrensa.

NVE er samde med Ecofact at det er potensial for å finne andre raudlisteartar i tiltaksområdet. Pålagd minstevassføring og restvassføring vil til ei viss grad oppretthalde livsmiljøa knytt til dei kalkrike bergveggene og daudvedelementa langs og i elva, som er avhengig av fukt. Etter NVE sitt syn vil også plasseringa av inntaket høgt i terrenget gi ei aukande restvassføring nedover i vassdraget, som til ei viss grad kunne redusere noko av skadeverknadene. Det er også potensial for å finne raudlista artar knytt til dei gamle styva asketrea ved Hetleflåt gård. Vi er difor samde med Ecofact om at tiltakshavar bør unngå hogging av ask og i størst mogleg grad redusere arealbruk knytt til etablering av røyrgate og veg, av omsyn til både askane og ev. uregistrerte raudlista artar.

Figur 1 viser ei oversikt over dei raudlista artane med verdivurdering.



Figur 1. Raudlista artar innanfor tiltaksområde. Referanse: Ecofact (2023)

Naturtypar

Ecofact har kartlagt og avgrensa fire naturtypelokalitetar (Tabell 1) innanfor influensområdet til Hetleflåt kraftverk, der tre er raudlista. Lokalitetane fordeler seg på to naturtypar i samsvar med NiN2-instruksen, ein naturtype etter DN-handbok 13 og ein naturtype etter DN-handbok 15. I den opphavlege kartlegginga frå 2007 var det berre registrert ein viktig naturtype (bekkekløft). Ecofact si kartlegging tilseier at det er større naturverdiar innanfor influensområdet til Hetleflåt kraftverk enn det som låg til grunn for NVE sine vurderingar i 2014.

Tabell 1. Oversikt over naturtypar i influensområdet til Hetleflåt kraftverk

Naturtype	Status	Rødlistet	Verdi
Boreal hei	NiN-naturtype	VU	Stor
Frisk rik edellauvskog (Frisk lågurtedellauvskog)	NiN-naturtype	NT	Middels
Bekkekløft	DN-håndbok 13	LC	C-verdi (lokal verdi)
Elvevannmasser	DN-håndbok 15	NT	C-verdi (lokal verdi)

Den boreale heia strekkjer seg over store delar av tiltaksområdets øvre del. Lokaliteten er avgrensa frå området der dei to inntaka skal etablerast og eit stykke nedover på vestsida




av planlagd røyrгатетрасé. Røyrгатетрасéen vil beslagleggja eit stort areal på austsida av lokaliteten, og vil også fragmentera ein del av den boreale heien. Etter Ecofact sitt syn vil restaureringstida være nokså kort dersom opphavlege massar blir tilbakeførte. Dei vurderer difor at lokaliteten med boreal hei vil bli noko forringa av planlagd tiltak. NVE er samde i påverknaden av tiltaket på naturtypen. Vi vurderer at ved å tilbakeføre opphavlege massar etter utbygging av røyrгата, vil tiltaket ha akseptable konsekvensar for lokaliteten av boreal hei. Vi legg her vekt på at heia er relativt stor, og at røyrгата hovudsakeleg berre vil forringe ytterkanten av lokaliteten.

Lokaliteten med frisk lågurtedellauvskog befinner seg ved nedre del av Markhuselva. Dei raudlista artane ask og alm er funnen innanfor denne lokaliteten. Planlagd røyrгатетрасé vil bli etablert på vestsida av lokaliteten, og stadvis vil anleggsbeltet gå inn på området. Skogen ligg i ei bratt helling, og truleg vil massar frå gravingsarbeidet kunne renne ned til skogen. Ecofact vurderer at naturtypen vil bli noko forringa av tiltaket sjølv med føresetnad om at det ikkje blir køyring og unødvendig hogst innanfor lokaliteten. Dei anbefaler å unngå hogst innanfor lokaliteten, og å sikre lokaliteten mot ras. NVE vurderer at konsekvensane for lokaliteten er akseptable dersom konsesjonæren gjennomfører dei tiltaka som er føreslått av Ecofact.

Redusert vassføring vil påverka både bekkekløfta og elvevannmassar, og begge naturtypene vil ifølgje Ecofact bli forringa av tiltaket. På vedtakstidspunktet tok NVE omsyn til desse naturtypene gjennom slepp av minstevassføring og vi har ikkje vurdert dette temaet ytterlegare.

Figur 2 viser ei oversikt over naturtypelokalitetane med verdivurdering.



Figur 2. Naturtypelokaliteter med verdivurdering. Elvevassmassar er ikkje markert då det påverkar heile elvestrengen. Referanse: Ecofact (2023)

Oppsummering

Ein søknad om utsett byggjefrist inneber ikkje ei ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome *nye* eller *endra* omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknaden om forlengja byggjefrist har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Statnett har svara at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for konsesjonane. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknaden om forlengja byggjefrist bør bli avslått.



Den nye kartlegginga av biologisk mangfald har vist at det er større naturverdiar innanfor tiltaksområdet enn det som var kjend på vedtakstidspunktet. NVE meiner at konsekvensane av tiltaket for dei raudlista artane og naturtypane kan reduserast tilstrekkeleg gjennom avbøtande tiltak.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

NVE sitt vedtak

NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Hetleflåt kraftverk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 07.04.2027.

Merknader

Vi merkar oss at det er foreslått fleire aktuelle avbøtande tiltak i den nye biologisk mangfald rapporten. Vi føreset at desse tiltaka blir vurdert som ein del av detaljplanen. Individ av ask i nærleiken av planlagd røyrgate skal merkast for å i størst mogleg grad unngå hogst. Opphavelege massar skal tilbakeførast etter utbygging av røyrgata. Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 07.04.2017.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

KAMBO ENERGI AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE

STATNETT SF

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.